Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Lynging og mosing.

Oppskr. av: Per Voll

(adresse): Helmersveg 6, Laksevåg.

Fylke: Hordaland

Herad: Laksevåg

Bygdelag: Lotlefjord(?) saken.

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Opplysningane har eg fått hjå eldre folk i Lotlefjord.

SVAR

Ein har skore lyng so langt attende som folk kan huge. Sigvald Sæbø, som er gamal gardbrukar, meiner dei har skore lyng i ævminnelege tider, og den same måten dei gamle brukte, brukar dei endå.

A.1 Dei skjer lyng endå, og det er svært vanleg i bygda.

Dei skar lyng under siste heimskrigen som elles.

Lyngen skjer dei helst om våren, for då rekna dei han for å vera best, og dei brukar han som attåtfôr, anten dei har lite høy eller ikkje, for det er gamal røynsle at kyrne likar han godt og vert trivelege tå han.

2 Det er helst om våren, men er det lite fôr (det var helst før det, no er det sjeldan forlågna) byrjar dei ut på etter-vinteren.

Dei seier som oftast å lynga. „Er det dei som skal av stad og lynga i dag?" Men dei brukar og lyngskjering om sjølve arbeidet.

3 Dei skjer lyngen (det er berre røsslyng dei skjer her) med sigd, lyngsigd. Dei har nemleg tre sortar tå sigd: lyngsigd, brakesigd og kornsigd. Det er toppen dei skjer, og det

1837

gjer dei på den måten at dei tek toppen i vinstre
neven og skjer av like under handa, so legg
dei neven med lyng mellom låre og magen,
(alt-so mot lysken) skjer ein neve til og legg på
same staden. Slik held dei på til „fanget" er
fullt, og går so til kipa med det.

4. Det er for det meste kvinnfolkarbeid, men det hender ofte at mannen er med, so i det siste i alle fall.

5. Dei skjer han kvart år.

6. Ber'n på ryggen i kipa.

7. Regelen er at dei gjev'n opp etter kvart.

8. Kyr. Ublanda. Ikkje hakka. Dei får'n slik dei kjem med'n or marka.

Dei får eit godt fang, opp til 5 kg om gongen.

9. Ein ser på lyngen som eit godt hjelpefôr.

B.

1. Ein brukar berre lyngmarkene som vår- og sumarbeite.

2. Kyr og vetrungar.

3. Vanleg

4. Ja.




II

Mosing.

Eg har ikkje funne nokon tå dei eldre, som kan huske eller høyrt tå andre at mose har vore sanka til dyremat.

Det einaste dei brukar mose til, er „som strø under kyr og kalvar og griser".

1837

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING